

Fra: Eirik Herdlevær Søyland <Eirik.Soyland@bsj.uib.no>
Sendt: 8. september 2015 10:35
Til: Postmottak Sentraladm
Kopi: Birgit Tansøy
Emne: RE: Kommuneplanens arealdel Flora kommune på høyring

Vedr. Kommuneplanens arealdel 2015 – 2020, Flora kommune.

Vi viser til e-post frå Flora kommune motteke 14.08. 2015.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Vi kan nemne at fleire område i Flora kommune er rekna som prioriterte område for marinarkeologi. Dette gjeld i særleg grad områda Flora sentrum, Ånnøya, Nekkøya og Færeøya. Områda omkring Kinn og omkring handelsstaden i Eikefjord. Vi nemner også at vi kjenner til ei rekke havneområder i områda Askrova, Svanøya, Skorpa, Batalden og Hovden. Vi har særleg lest «Forvaltning og utvikling av sjøhus i Flora» og det verkar som Flora kommune har ein tenleg plan for framtida. Dette gjeld nyoppførte naust og sjøbuer samt SEFRAK registrerte. Flora kommune har ein god og kunnskapsbasert plan for desse ulike bygga.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Saksbehandlar/Marinarkeolog
55 54 96 04
marinarkeologi@bsj.uib.no
www.facebook.com/Sjofartsmuseum

>-----Original Message-----

>From: Sogn og Fjordane fylkeskommune
>[\[mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no\]](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)
>Sent: Friday, August 14, 2015 10:14 AM
>Cc: postmottak@ra.no; marinarkeologi@bsj.uib.no
>Subject: Kommuneplanens arealdel Flora kommune på høyring
>

>VÅR REFERANSE: Arkivnr.: 15/5463-1

>Sakshandsamar: Birgit Tansøy

>

>Fristen er utsett til 11. september! Sender over vedlagde dokument.

>

>Med venleg helsing

>Birgit Tansøy

>

>